



Opplæringsavdelinga

Arkivsak 201303176-2
Arkivnr. 12
Saksh. Haugen, Birthe

Saksgang

Opplærings- og helseutvalet

Møtedato

22.10.2013 - 23.10.2013

RETNINGSLINJER FOR UTLÅN AV SKULEBYGG

SAMANDRAG

I løpet av skuleåret får dei vidaregåande skulane spørsmål frå ulike organisasjonar og foreiningar om utleige av lokale. Når skulen mottek ein slik førespurnad, må rektor vurdere om det er mogleg å leige ut skulen på ønska tidspunkt.

Det er etablert eit regulativ for utleige av ulike rom ved dei vidaregåande skulane til organisasjonar og foreiningar. Leigesatsane omfattar både arealleige og driftsleige (reinhald, tilsyn og oppvarming).

Fylkesdirektør for opplæring vil justere utleigesatsane med konsumprisindeksen årleg frå og med 2015.

FORSLAG TIL VEDTAK

Utleigesatsar for 2014 vert slik det går fram av tabellen under.

Type rom	Leige
Vanlege klasserom	325 pr gong (dag)
Spesialrom (u/ bruk av skolen sitt utstyr)	430 pr gong (dag)
Spesialrom med utstyr	870 pr gong (dag)
Datarom	485 pr time
Gymnastikksal	440 pr time
Garderobe m/dusj	180 pr gong (dag)
Kjøkken i tilknytning til aula, gymnastikksal	140 pr gong (dag)

Utleigesatsane vert justert årleg tilsvarande konsumprisindeksen siste år. Nye satser gjeld frå 1. januar kvart år.

Rune Haugsdal
Fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
Fylkesdirektør for opplæring

Vedlegg: Ingen

FYLKESRÅDMANNEN, 07.10.2013:

I løpet av skuleåret får dei vidaregåande skolane spørsmål frå ulike organisasjonar og foreiningar om utleige av lokale. Når skulen mottok ein slik førespurnad, må rektor vurdere om det er mogleg å leige ut skulen på ønska tidspunkt. Rektor skal ved denne vurderinga sjå til at utleige av lokale og utstyr ikkje går ut over skulen sine ordinære aktivitetar. Vidare må rektor vurdere om det er forsvarleg å leige ut ønska lokale og utstyr. Dette gjeld spesielt teknisk utstyr (t.d maskinar av ulike slag).

Det er etablert eit regulativ for utleige av ulike rom ved dei vidaregåande skolane til organisasjonar og foreiningar. Leigesatsane omfattar både arealleige og driftsleige (reinhald, tilsyn og oppvarming).

Ved lengre utleige, som til dømes frå fredag til søndag, av fleire rom kan leiga for ideelle organisasjonar bli høg. Skulane kan dispensere frå leigesatsane ved utleige til ideelle organisasjonar. Føresetnaden for dette er at skulen får dekkja alle dei faktiske utgiftene vedkommande leigetilhøvet av leigetakaren.

Nye leigesatsar gjeldane frå 1. januar 2014 :

Type rom	Leige
Vanlege klasserom	325 pr gong (dag)
Spesialrom (u/ bruk av skolen sitt utstyr)	430 pr gong (dag)
Spesialrom med utstyr	870 pr gong (dag)
Datarom	485 pr time
Gymnastikksal	440 pr time
Garderobe m/dusj	180 pr gong (dag)
Kjøkken i tilknytning til aula, gymnastikksal	140 pr gong (dag)

For kantine gjeld prisen for vanleg aula.

Satsane gjeld til kl 21.00. Etter kl 21.00 og laurdag/sundag samt helgedagar/høgtidsdagar - 50% tillegg.

Stor aula:

Inntil 2 timars bruk kr 845. Deretter kr 465 pr påstarta time inntil kl 21.00 dei 5 første vekedagane, og kr 695 pr påstarta time etter kl 21.00 dei 5 første vekedagane og laurdag/sundag, samt helgedagar/høgtidsdagar. For laurdag/sundag, samt helgedagar/høgtidsdagar vert det ved utleige rekna ei minimumsleige på kr 1 390.

Vanleg aula:

Inntil 2 timars bruk kr 440. Deretter kr 190 pr påstarta time inntil kl 21.00 dei 5 første vekedagane og kr 300 pr påstarta time etter kl 21.00 dei 5 første vekedagane og laurdag/sundag, samt helgedagar/høgtidsdagar. For laurdag/ søndag samt helgedagar/høgtidsdagar vert rekna ei minimumsleige på kr 695.

Skulen sitt uteområde:

Leigaren betaler eventuelle ekstra tilsynsutgifter.

Prisjustering av leigesatsane:

Utleigesatsane vart sist justert pr desember 2011. Satsane er no justert med 2,8%, som tilsvarer konsumprisindeksen for perioden september 2011 til og med august 2013. Nye satser vert sett i verk frå januar 2014. Fylkesdirektør for opplæring vil justere utleigesatsane med konsumprisindeksen årleg frå og med 2015.

Avgrensingar:

Lag/organisasjonar som er med i prøveprosjektet «Gratis hallbruk for lag og organisasjonar i fylkeskommunale bygg/vidaregåande skular» i skuleåret 2013/2014 er ikkje omfatta av dette leigeregulativet.

Dei vidaregåande skulane i Hordaland stiller som før skulelokale og utstyr til disposisjon for vaksenopplæringsføremål i samsvar med vaksenopplæringslova §7. Utlån av lokale og utstyr må ikkje gå ut over skulen sine ordinære aktivitetar.

Dersom det vert søkt om leige av andre lokale enn dei som er nemnd her, vert leiga å fastsetja av Fylkesdirektør for opplæring.

Utleige til næringsverksemd er ikkje omfatta av dette regelverket. Slik utleige skal godkjennast sentralt i kvart einskild høve.